**Ønskjer du å kjøpe bilde?**

Har du sett eit bilde i Firdaposten som du ønskjer ein kopi av?

Send e-post til foto@firdaposten.no eller ring oss på tlf. 57 75 73 00.

Bilda vert trykte på glansa fotopapir i A4-storleik. Pris kr 100,- pr. stk.

## Namnedagar

I dag har **Eldbjørg** og **Knut** namnedag. I morgon **Turid** og **Torfinn**. Måndag **Gunnar** og **Gunn**. Eldbjørg, norsk, betyr eldberging - vern om elden (i heimen). Skrivemåtar: Elbjørg, Ellbjørg. Knut kjem frå norrønt *Knutr*, same ordet som knute. Dansk skrivemåte: Knud, engelsk: Canute, USA: Knute. Det norrøne *turidr* kjem av Tor/fridr, samansett av gudenamnet Tor og ordet for vakker. Den historiske forma er Torfrid, med sideformer Tori (d) og Tøri (Tyri). Torfinn er gudenamnet pluss folkenamnet finn: "han som finn ting". Gunnar, frå norrønt *Gunnarr*, sett saman av *gunnr* (strid) og -ar (krigar). Gunn har same opphav og er noko nytta i samansette namn (til dømes Gunn-Berit).

# Nasjonal strandryddings-dugnad

FLORA/BREMANGER: Den nasjonale strandryddedagen vert 4. og 5. mai i år. Florø kommune var med på pilotprosjektet 17. november i 2011. Etter stormen «Dagmar» ligg mykje bos i fjæra.

ANITA M. INGEBRIGTSEN
anita@firdaposten.no



***DU KAN BIDRA:*** *Grotlesanden var full av avfall etter «Dagmar»-julehelga. Du kan gjere ein forskjell ved å delta på strandryddedagen 5. mai 2012. Foto: AMI.*

– Det var ganske mange som kom og hjelpte til, det kan vere interessant å gjere dette også i år. Det var folk som rydda på Sørstranda, men også ute i Batalden. Men dette krev at folk viser initiativ og engasjerer seg, seier arealplanleggjar i Flora kommune Anders Espeseth.

Strandryddedagen 2011 slo fast at marin forsøpling er ein stor miljøutfordring også i Norge. 2000 ryddarar fjerna 1242 sekker med avfall frå til saman 100 kilometer kystlinje i 2011. Den innsatsen som leggjast ned i løpet av lokale strandryddeaksjonar er viktige bidrag til den globale kampen mot marin forsøpling.

– Vi håpar vi får mange fleire til å engasjere seg i strandryddedagen, enn vi hadde på pilotprosjektet i 2011. Vi oppfordrar folk til å melde seg på allereie no på holdnorgerent.no, seier kampanjeleiar Emily Robertson.

Strandryddedagen 2012 arrangerast den 4. og 5. mai og har som mål å rydde den norske kysten for søppel, samt å bidra til auka dokumentasjon av marin forsøpling.

## Fangstmeldingar

frå Vest-Norges Fiskesalslag i veke 50, 51 og 52:

**"Keltic"**, 142,6 tonn frysevarer, fiska på line ved Tørrbanken og Nordkappbanken.
**"Stattegg"**, 221,7 tonn frysevarer, fiska på line ved Nordkappbanken.
**"Vestfisk"**, 207,1 tonn frysevarer, fiska på line ved Nordkappbanken.
**"Vest Freezer"**, 135,1 tonn frysevarer, fiska på line ved Lopphavet og Nygrunnen.
**"Sjøvær"**, 152,5 tonn frysevarer, fiska på line ved Nordkappbanken.
**"Erliner"**, 61,9 tonn frysevarer, fiska på line ved Nordkappbanken.
**"Brimøy"**, 208,5 tonn frysevarer, fiska på line ved Nordkappbanken.
**"Frøyanes Senior"**, 271,1 tonn frysevarer, fiska på line ved Albrowgrunnen og Kveitehola.
**"Frøyanes"**, 459,9 tonn frysevarer, fiska på line ved Albrowgrunnen og Kveitehola.
**"Veststeinen"**, 317,6 tonn frysevarer, fiska på line ved Barentshavet og Sykkelsetet.



PONDUS






HÅREK






EON




FLORA SAMFUNNSHUS
KINO




Am. 1 t 30 min. 7 år
**Søndag 8.1. kl. 17.30**
– SISTE GONG




Am. 2 t 9 min. 15 år
**Søndag 8.1. kl. 19.30**
– SISTE GONG

**Billettar/info:**
**Tlf. 57 75 60 00 / 60 52**
Kjøp billettar på nett og skriv dei ut heime! Sjå
*www.florasamfunnshus.no*